

## **1 – 19 Godkjenning av innkalling, saksliste, dagsorden og forretningsorden**

### **a) Innkalling**

Kunngjeringa vart sendt åtte veker før årsmøtet, og sakspapir vart sendt to veker før. Møtet er dermed gyldig innkalla til.

### **b) Framlegg til saksliste**

- 1-19 Godkjenning av innkalling, saksliste, dagsorden og forretningsorden
- 2-19 Val av ordstyrarar og referent
- 3-19 Val av tellekorps og protokollunderskrivarar
- 4-19 Årsmelding 2018
- 5-19 Rekneskap 2018
- 6-19 Økonomireglement
- 7-19 Handlingsplan 2019
- 8-19 Budsjett 2019
- 9-19 Fråsegner
- 10-19 Val av nytt styre og samordningsstyre
- 11-19 Val av ny valkomite
- 12-19 Val av revisor

Etter møtet vil det bli framlegg av strategien ved leiar i Raudt sin strategikomitè Linn-Elise Øhn Mehlen.

## c) Framlegg til dagsorden

*Forslag:*

12.00	Helsingstalar
12.10	1-19 Godkjenningar
12.15	2-19 Val av ordstyrarar og referent
12.20	3-19 Val av tellekorps og protokollunderskrivarar
12.25	4-19 Årsmelding 2018
12.40	5-19 Rekneskap 2018
12.50	Pause
13.00	6-19 Økonomireglement
13.10	7-19 Handlingsplan 2019
13.40	8-19 Budsjett 2019
13.55	10-10 Val av nytt styre og samordningsstyre
14.10	11-19 Val av valkomitè
14.15	12-19 Val av revisor
14.20	9-19 Fråsegner
15.00	Årsmøtet er slutt, pause
15.10	Innlegg ved Linn-Elise Øhn Mehlen leiar av Raudt sin strategikomitè
15.45	Debatt
16.00	Møtet ferdig

Framlegg til vedtak:

Innkalling, sakliste og dagsorden blir vedteke

## **1 – 18 d) Framlegg til forretningsorden for årsmøtet til Rødt Hordaland**

### **1. ORGANER**

Årsmøtet består av medlemmar i Raudt Hordaland, styret, valkomiteen, ordstyrar og tilsette i partiet.

### **2. BESLUTNINGSMYNDIGHET**

Årsmøtet er beslutningsdyktig når møtet er lovleg innkalla, innan fristen som beskreve i vedtektene.

### **3. FORHANDLINGENE**

Forhandlingane i årsmøtet vert ført for opne dører. Årsmøtet kan, med 2/3 fleirtall, bestemme at dørene skal lukkast slik at berre medlemmar av Raudt Hordaland kan delta.

Medlemmar i Raudt Hordaland som har betalt medlemskontingent i 2016, eller nye medlemmar som har betalt innan 3 veker før årsmøtet har tale-, forslags- og røysterett. Ordstyrar har uansett tale- og forslagsrett.

Årsmøtet kan med alminneleg fleirtall gje andre talerett i enkeltsaker.

Alle framlegg skal fremjast skriftleg, og det skal kome fram kva sak framlegget er til, kva type framlegg det er, kven som fremmjer det og kva lag vedkommande er frå. Dersom det er linenummer i den aktuelle saka skal ein henvisa til linenummeret.

Ein får ordet etter å ha vist teikn til ordstyrar. Det blir gjeve adgang til to replikkar til kvart innlegg, med adgang til svarreplikk. Taletida på innlegg skal ikkje vere lenger enn tre minutt. Replikkar skal ikkje vare lenger enn eitt minutt. Alle med forslagsrett kan foreslå begrensingar i taletid på innlegg og replikk.

Ordstyrar kan bestemma at møtedeltakarar som ikkje har fått sagt noko i saka tidlegare kan bli flytta forbi dei som har hatt ordet i saka før.

Alle med forslagsrett kan fremsette forslag om at strek blir sett. Dette må vedtakast med alminnelig fleirtall. Dersom dette blir vedteke skal ordstyrar opplyse at det er anledning til å teikne seg før og under neste talar sitt innlegg. Samstudnes skal ordstyrar lese opp talelista og spørre plenum om nokon er oversett. Ordstyrar kan, dersom det er naudsynt innskrenka taletida. Forslag som ikkje er kunngjort for Årsmøtet kan ikkje fremsettes eller trekkast etter at strek er sett.

#### 4. FRÅSEGNER

Ei fråsegn skal vere ei utdjuping, konkretisering og supplering av Raudt sin politikk. Fristen for fråsegner er to veker før årsmøtet.

Endringsframlegg til innsende fråsegner må vere levert innan kl 12.00 på [hordaland@raudt.no](mailto:hordaland@raudt.no). Merk mailen med «Endringsframlegg og kva fråsegn det er til». Til alle andre saker er fristen for forslag under saka fram til strek er sett.

Alle forslag til vedtak, som ikke gjelder dagsorden eller forretningsorden skal fremsettes skriftlig til ordstyrarbordet.

Protokolltilførsalar kan forlangast av alle med røysterett på årsmøtet. Protokolltilførsalar må vere bekjentgjort innan saka blir avslutta og leverast skriftleg innan møteslutt.

Framlegg/innlegg til endring av forretningsorden eller dagsorden som bryter saksdebatten og skal voterast over med ein gong. Framlegg om endring av forretningsorden eller dagsorden under møtet krevjer minst 2/3 fleirtall i årsmøtet.

#### 5. AVSTEMNINGAR

Avstemningar skjer ordinært ved handsoppreking. Skriftleg avstemning foretas dersom ein delegat krevjer det. Ved personval skal det haldast skriftleg val dersom det er fleire kandidatar. Opptelling blir gjort ordstyrerne av eige oppnemnt telljekorps.

Dersom det foreslås prøvevotering i ei sak, voterer årsmøtet fyrst over om dei ønskjer ei slik votering. Resultatet av prøvevoteringa får ingen konsekvenser for behandlinga av saka. Det skal foretas ny votering før endeleg vedtak er fatta.

Vedtak fattas med alminneleg fleirtall dersom ikkje anna er bestemt i vedtektene eller forretningsorden.

#### 6. SLUTTBESTEMMINGAR

Dersom eit spørsmål ikkje er regulert i forretningsorden eller av vedtektene, kan årsmøtet med alminneleg fleirtall avgjere kva praksis som skal gjelde.

Framlegg til vedtak:

Forretningsorden blir vedteke

## **2-19 Val av ordstyrarar og protokollførar**

Ordstyrar skal sørge for at den som vil ha ordet kjem til ordet, og protokollførar skal sørge for at alle vedtak kjem med i protokollen.

Forslag til vedtak:

Årsmøtet velger til ordstyrar og Torill Frøise til protokollførar

## **3-19 Val av tellekorps og protokollunderskrivarar**

Det blir vald eit tellekorps som tel røyster dersom det er uklårt kva som får fleirtal. Vi treng protokollunderskrivarar som godkjenner og skriv under protokollen, sidan det ikkje er eit møte som gjer dette.

2  
4  
6

## 4 – 19 Årsmelding for Raudt Hordaland

2

### 1) Fylkesstyret

4 På fylkesårsmøtet 11. mars 2018 på Fylkesbygget var følgjande personar valde til styret:

6 Leiar: Magne Hagesæter (Bergen)  
Nestleiar: Åshild Austegard (Bergen)  
8 Kasserar: Frank Mo (Bergen)  
Fylkessekretær: Torill Frøise  
10 Styremedlemmar:

12 Tore Eikeland (Voss) frå oktober 2017  
Sindre Måge (Odda)  
14 Trine Nordstrøm Brunet (Askøy)  
Nils Bjarte Sæle (Fjell)

16 Fylkestingsrepresentant:  
18 Terje Kollbotn (Odda)

20 RU-representant:  
Ingen valgt

Prioritert varaliste:  
24 Arild Borgen (trakk seg i november)  
Personleg vara, Voss: Bjarte Kaldestad  
26 Personleg vara, Odda: Odd Idar Olsen  
Personleg vara, Askøy: Synnøve Lie Johannesen

28

### 30 2) Fylkesting

Fylkestingsgruppa møtes jevnleg og held kontakt via mail og facebook. Sjå eigen rapport frå  
32 Fylkestingsgruppa. Blir lagt fram seinast på møtet.

36

38

10  
12  
14



40 **3) Landsstyret og Raudt sentralt forøvrig**

42 I inneværende periode var det Eirik Wichstad som er Hordaland sin representant, medan varaer er  
44 Marte Teigen og Nils Bjarte Sæle. Wichstad trakk seg midt i perioda, og Marte Teigen vart fast  
46 representant. Det har vore avhalde formøter til landsstyremøta, og sakene har vore oppe i  
fylkesstyre når dette har vore mogleg.

48 I tillegg er Raudt Hordaland representert i ulike utval og komitear.

50 Raudt Nytt-redaksjonen:  
Åsne Hagen (Raudt Bergen)

52  
54 Kvinnepolitisk utvalg:  
Åshild Austegård (Raudt Bergen)

56 Organisasjonsutvalget:  
Marte S. Teigen (Raudt Bergen)

58  
60 Faglig utvalg:  
Jeanette Syversen (Raudt Bergen)

62 Klassekampenutvalg:  
Torstein Dahle (Raudt Bergen)

64  
66 Miljø- og næringspolitisk utvalg:  
Jeanette Syversen (Raudt Bergen)

70 **5) Medlemar og medlemsutvikling**

72 Dei fleste lag i fylket har ein markant auke i medlemstal. Merk at Bergen Nord delte seg opp i to  
 74 lag, Bergen Nord og Bergen Sentrum i fjor, og at medlemstalet difor totalt sett òg i desse laga har  
 auka. I løpet av perioda har vi fått tre nye lokallag i Hordaland, Bømlo, Etne og Alver.

Fylke	Lag	2017	2018	Utvikling	utvikling i prosent
Hordaland		370	551	181	48,92 %
	Askøy	22	26	4	18,18 %
	Bergen Nord	44	65	21	47,73 %
	Bergen Sentrum	71	112	41	57,75 %
	Bergen Sør	118	106	-12	-10,17 %
	Bergen studentlag	17	10	-7	-41,18 %
	Bergen Vest		82	82	#DIV/0!
	Bømlo		8	8	#DIV/0!
	Kvam	4	6	2	50,00 %
	Kvinnherad	8	6	-2	-25,00 %
	Alver	6	21	15	250,00 %
	Odda	26	33	7	26,92 %
	Sotra	9	16	7	77,78 %
	Stord	10	15	5	50,00 %
	Voss	16	21	5	31,25 %
	Uten lag Hordaland	19	24	5	26,32 %

76

78 **6) Lokallaga**

78 Sjå egne rapportar for dei lokallaga som har avhalde årsmøte. Dei andre blir lagt fram på møtet.  
 80

82 **7) Økonomi**

82 Årsresultat 2018 er kr 87 148,- Støtte til fylkestinggruppen fra Hordaland fylkeskommune utgjør  
 hoveddelen av totalt 340 000,- inntekt. Innrapportering av bruk av disse pengene ses over 2 år, og  
 84 vi kan derfor ha overskudd de årene det ikke er valgår.

86 Gledelig innbetaling av beinpenger der fylkesorganisasjon beholder halvparten som for 2018  
 utgjorde 38 324 og var godt over budsjett. Kostnader til kontordrift deles 50/50 med Rødt Bergen  
 88 og er også arbeidsplassen for organisasjonssekretær Mailiss som har 50%stilling for å dekke  
 Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane. Hun får for det meste dekket reisekostnadene utenfor  
 90 Hordaland av de to andre fylkesorganisasjonene. Innkjøp av ekstra kontorutstyr dekket av  
 ekstrabevilgning fra fylkeskommunen i samband med sammenslåing Vestland.



26  
28  
30

92 Møtebord og stoler er innkjøpt, billig og brukt.  
94 Økonomiske utfordringer er tilstand kopimaskin og finansiering valgkamp 2019.

96

### **8) Styreåret 2018**

98 Fylkesstyret har hatt fire fylkesstyremøter i styreperioda, alle har vore i Bergen. Det har i tillegg  
100 vore avhalde formelle og uformelle AU-møte. AU, bestående av leiari, nestleiar, kasserar og  
fylkessekretær, har i tillegg hatt mykje kontakt på mail og telefon.

102 I løpet av perioda har fylkesstyret både arrangert og vore med på ulike arrangement.

104 I denne perioda har samanslåingsprosessen med Raudt Sogn og Fjordane vore det største  
106 prosjektet, og koordineringsutvalet for samanslåing (KUS) har rapportert til styret med javne  
mellomrom.

108 I løpet av året har Anti-profitørutvalet starta opp att, og dei har blant anna jobba med saker om dei  
110 private vidaregåande skulane Metis og Bergen private gymnas. I tillegg har dei gjort ein god jobb  
med å avdekka kva som kan kome til å skje med Bergensbanen når den vert sett på anbod.

112 I november var fleire frå fylkeslaget med på den nasjonale aksjonsdagen mot NATO, og ei veke  
114 seinare var også Raudt med i aksjonen som retta seg spesielt mot Trident juncture.

116 Fylkeslaget har i tillegg som vanlig delteke i politiske og sosiale kampar og markeringar av både  
118 nasjonal og lokal karakter, deriblant 1. mai, 8. mars-arrangement, parada under Regnbuedagene i  
Bergen, markeringar mot asylpolitikken og andre aktuelle saker.

120 Fylkes-AU har utarbeida ein modell for regional oppdeling av fylket som vi vil implementere i neste  
122 periode, inspirert av Raudt Nordland. Fylkesleiar har tatt initiativ til eit felles organisasjonsutval for  
Bergen og Hordaland med ansvar for å sjå på lagsstruktur og styrking og utvikling av lokallaga,  
delvis etter modell frå Raudt Nordland.

124

Styret tok initiativ til ein dugnad på kontoret og kjøpt inn nye møblar.

126

128

### **9) Samarbeid mellom Raudt Hordaland og Sogn og Fjordane**

132 Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane søkte til Raudt sentralt om midlar til tilsetjing av ein  
134 regionsekretær. Det fekk vi og, Regionsekretæren starta i stillinga 1. august. har fast arbeidsstad i  
Bergen, og er tilsett i 50% stilling.

32

34  
36  
38



136 I november vart det avhalde felles nominasjonsmøte der ein valde Jeanette Syversen som  
138 listetopp. På plassane frå 2 – 5 finn vi Terje Kollbotn (Odda), Ingeborg Hordvik (Austrheim), Anders  
140 Hamre Sveen (Stryn) og Erica Restoftan (Bergen). Same helg som det vart avhalde  
nominasjonsmøte, arrangerte vi òg Vestlandskonferansen der vi hadde innleiingar om bl.a  
energipolitikk. I tillegg starta ein opp jobben med å lage eit felles valprogram.

142 På møtet vart det òg valgt eit samordningsstyre som består av leiarane og kasserarane frå dei to  
144 fylka. Samordningsstyret skal planlegge vegen vidare mot ei samanslåing av dei to fylkeslaga, og  
ikkje minst korleis vi skal samarbeida best mogleg.

146 I januar arrangerte vi ei kandidatsamling for topp 15, og her var 12 av femten tilstades. På  
148 samlinga diskuterte ein blant anna valkampstrategi, reglementet for fylkestingsarbeidet, kva som  
skjer på eit fylkestingsmøte, korleis bruke sosiale medier og andre relevante tema.

150 Det har kun vore ei måling for det nye fylket Vestland. Denne vart teke opp i august 2017, og Raudt  
152 fekk 3,3% og med det ville vi hatt to representantar i fylkestinget.

#### 154 **10) Medieoppslag**

156 I perioda har vi også hatt både i BA, BT, NRK Hordaland, Askøyværingen, Hardanger folkeblad,  
Avisa Hordaland og andre medier i fylket. Vi har ein god del meir å gå på når det gjeld lokalaviser,  
og dette er noko vi anbefaler det neste styret å jobbe enda betre med.

## Regnskap 2018

	INDTÆGTER	budsjett 2018	Regnskap 2018		
4005	Fra Hdl fylke	259 803	300 000	1)	
4003	Beinpenger - fylkets andel	25 000	38 324	2)	
4004	Medl kont	2 000	8 738	3)	
4202	Diverse inntekter	1 000	3 062	4)	
4203	Renteinntekter	1 000	2 074	5)	
4207	bet egenandel mat arr	0	2 420	6)	
	VK støtte fra Bergen				
	VK støtte fra lagene				
	VK støtte sentralt				
	<b>Total</b>	<b>288 803</b>	<b>354 617</b>		
	<b>UDGIFTER</b>				
	Valgkamp fra fylkestyret sitt budsjett				
3001	Lønn org.sekretær(Jeanette)	85 000	73 620	7)	
3003	Frikjøp FT repr	10 000	10 651	8)	
3004	Lønn FT sekretær	40 000	21 560		
3101	Husleie	50 640	51 090	9)	
3201	Porto	3 250	1 894		
3202	Telefon, faks, internett	6 500	6 278	10)	
3301	Strøm	7 500	7 626		
3401	Papir, rekvisita, kopiering, trykking	1 500	935		
3501	Kontorutstyr	3 000	2 533		
3502	Forsikring kontorlokaler	600	624		
3503	Utstyr org.sekretær *	7 500	5 044	11)	
3504	Diverse kontorutgifter	15 880	11 679		
3505	Renhold kontor	15 000	14 146		
3601	Kopimaskin, leie, service	9 000	9 982		
3701	Reiser	20 000	6 019		
3702	Utgifter møter, konferanser	10 000	23 514		
3703	Fstyret Reiser		7 151		
3704	FTgr Reiser	7 500	1 009		
3802	Odda kontor	6 000	3 333	12)	
3901	Diverse utgifter	0	6 269	13)	
3903	FykesStyre møtemat ++	1 500	1 707		
3905	FT gr møtemat++	2 000	804		
	<b>Total</b>	<b>302 370</b>	<b>267 469</b>		
<b>Indtægter minus Udgifter</b>		<b>-13 567</b>	<b>87 148</b>		

\* lagt til etter ÅM 2018

## Noter til rekneskap 2019

1) Stønad for 2018 vert rekna ut slik:

### Stønad til fylkestingsgruppene

Grunnstønad kr. 81720,- + 1 repr. a kr 45890,- kr. 45890.-

Sum **kr. 127610.-**

Frikjøpsmidlar : 1 repr. akr 44920,- **kr. 44920.-**

### Tilskot til opposisjonsgrupper

Grunnstønad kr 35 000,- + 1 repr. a kr 16E97,- kr 16 897,-

**Sum kr 51 897.-**

### Stemmestøtte

Stemmestøtte for 2018 er kr 2 527 000,- fordelt på 217454 røyster = kr 11,62 pr. røyst.

For Raudt Hordaland utgjør dette: 3654 røyster akr 11,62 **kr 42459.-**

I tillegg fekk vi utbetalt i samme utbetaling kr 25614,- merka: " R - kt stemmest tt"

og i tillegg fekk vi kr 7500,- pga sammenslåingsprosessen Hordaland + Sogn og Fjordane

2) Beinpenger kjem fra møter i Fylkestinget, utval for Opplæring og Helse, Kontrollutvalget og rådet for funksjonshemma

3) Lokallags andel av kontingent for medlemmer i Hordaland som ikke er ført på eget lag

4) Div inntekt kr 3061,- er avregning av RU bevilgning valgkamp 2017 kr 233,50 , Føring av aksjepost KK kr 2628,25 som ikke vært ført tidligere år og Kvinneliga betalt for kopiering 200,- til demo

5) Renter 2074 : fra bankkonto landkreditt kr. 1013,- i tillegg ført renter fra depositumkonto for årene 2015, 2016 og 2017 kr 1061,-

6) Egenandel matsservering kr 2420,- 13.og14.mars :2420,- 17.og18.nov 874,-

7) Engasjement som faglig sekretær ca 10000 oversk fra 2017

8) Frikjøp ordnes pr faktura fra Terje K sin arbeidsgiver En faktura ble glemt i 2018.

Ble bet i 2019, men ført som gjeld regnskap 2018

9) Ført netto husleie. NTEU betalt kr 900 x11 og rest deles 50% med Rødt Bergen

10) Partisekretær og org.sekretær bruker mob tlf reg på Raudt Hordaland. Utg deles 50/50 med Rødt Bergen

11) Kostnader partisekretær lagt inn ÅM2018 pga ekstraordinær bevilgning fra fylkeskommune

12) Støtte kontor Odda kun 1/2 år var nødvendig i 2018

13) div støtter: Streikende ved Norse Prod. 1000,- , NTEU ACER kr 1000 , Natur & Ungd 500, Krystallnatt 500, Gammel kostnad i sentral reskontr 2400 samt gaver årsmøte og konferanser

<b>STATUS</b>	RAUDT HORDALAND	31.12.2017	31.12.2018
EIENDELER			
Aksjepost Klassekampen A/S		0	2 628
Landkreditt 9365.15.41504		471 153	341 130
Depositum 3624.67.99355		26 312	27 373
til gode Rødt Bergen		144 956	248 361
3411.27.64552og3411.27.64560		12	0
div til gode		1 629	0
summert		644 062	619 492
GJELD			
Gjeld Rødt sentralt		356 654	241 712
Rødt Askøy		2 420	2 420
Div gjeld(Raudt Odda og frikjøp Terje K)			11 224
Rød ungdom		8 000	
summert		367 074	255 356
Egenkapit1al pr 1/1		268 785	276 988
årsresultat		8 203	87 148
<b>Egenkapit1al pr 31/12</b>		<b>276 988</b>	<b>364 136</b>

.....

.....

.....

.....



	INDTÆGTER	budsjett 2018	Regnskap 2018	forslag budsjett 2019
4005	Fra Hdl fylke	259 803	300 000	300 000
4003	Beinpenger - fylkets andel	25 000	38 324	35 000
4004	Medl kont	2 000	8 738	2 000
4202	Diverse inntekter	1 000	3 062	2 000
4203	Renteinntekter	1 000	2 074	1 000
4207	bet egenandel mat arr	0	2 420	
	VK støtte fra Bergen			
	VK støtte fra lagene			
	VK støtte sentralt			
	<b>Total</b>	<b>288 803</b>	<b>354 617</b>	<b>340 000</b>
	UDGIFTER			
	Valgkamp fra fylkesstyret sitt budsjett			300 000
3001	Lønn org.sekretær(Jeanette)	85 000	73 620	
3003	Frikjøp FT repr	10 000	10 651	12 000
3004	Lønn FT sekretær	40 000	21 560	40 000
3101	Husleie	50 640	51 090	53 100
3201	Porto	3 250	1 894	3 000
3202	Telefon, faks, internett	6 500	6 278	8 500
3301	Strøm	7 500	7 626	8 000
3401	Papir, rekvisita, kopiering, trykking	1 500	935	3 000
3501	Kontorutstyr	3 000	2 533	3 000
3502	Forsikring kontorlokaler	600	624	650
3503	Utstyr org.sekretær *	7 500	5 044	2 500
3504	Diverse kontorutgifter	15 880	11 679	16 000
3505	Renhold kontor	15 000	14 146	14 400
3601	Kopimaskin, leie, service	9 000	9 982	12 000
3701	Reiser	20 000	6 019	20 000
3702	Utgifter møter, konferanser	10 000	23 514	20 000
3703	Fstyret Reiser		7 151	10 000
3704	FTgr Reiser	7 500	1 009	7 500
3802	Odda kontor	6 000	3 333	6 666
3901	Diverse utgifter	0	6 269	5 000
3903	FykesStyre møtemat ++	1 500	1 707	2 000
3905	FT gr møtemat++	2 000	804	2 000
	<b>Total</b>	<b>302 370</b>	<b>267 469</b>	<b>649 316</b>
	<b>Indtægter minus Udgifter</b>	<b>-13 567</b>	<b>87 148</b>	<b>-209 316</b>

\* lagt til etter ÅM 2018

forslag VALGKAMPBUDSJETT	rekneskap 2017 Hordaland	kommentarer for 2017	budsj.forsl 2019 Hordaland	budsj.forsl 2019 Sogn og Fjordane
<b>INNTEKTER</b>				
Raudt Hordaland	147 639		300 000	15 000
Rødt Bergen	267 638			

Rødt Bergen lag Nord	20 000		5 000		
Rødt Bergen lag Sentrum			10 000		
Rødt Bergen lag sør/vest	10 000				
Støtte fra andre lokallag			5 000		
Støtte fra Rødt sentralt	0 000		250 000		50 000
netto salg av Tskjorter	0 818				
netto innsamlet	2 033				
					10 000
sum	448 128		570 000		75 000
<b>UTGIFTER</b>					
<b>Rekvisita</b>	3 194		11 000		2 000
<b>Valgkamp diverse</b>	1 195		3 000		15 000
Frikjøp/Lønn	243 245	21uker	312 000		48 000
<b>frikjøp Terje K 10dgr</b>	17 080				
Valgbod	15 497		20 000		
Reiser	8 796		20 000		10 000
Trykke program					
? plakater	31 906		50 000		15 000
? postkort					
Sentralt matriell	74 274				
Rekvisita snop ++			40 000		5 000
Arrangement	8 848	Tofterøy	20 000		5 000
konferanse	Rødt Bergen arrangerte				
Skolevalgkampen	8 000		10 000		4 000
pc+Office+fotokabel	19 882				
<b>porto</b>	1 431		2 500		
<b>div stash,snop og møtemat</b>	4 174		6 500		
annonser					
<b>Lysreklame Sartor</b>	42 513		65 000		
<b>youtube promo</b>					
<b>støtte fra Hordaland til S&amp;Fj</b>			10 000		
sum	448 128		570 000		104 000
	underskudd=0		0		-29 000



---

## 6 – 19 Økonomireglement for Raudt Hordaland

### Ansvarsforhold:

Årsmøtet til Raudt Hordaland har det overordna ansvaret for disponeringa av Raudt Bergen sine økonomiske midler gjennom å vedta budsjett og godkjenne rekneskapen.

### Styret

Som organisasjonens utøvande organ, disponerer styret organisasjonen sine midler etter retningslinjer gjevne av årsmøtet. Styret er ansvarleg for:

- Å effektivere alle vedtak av økonomisk karakter.
- Organisasjonens rekneskapsføring og budsjettkontroll.
- At organisasjonen har ei god og effektiv økonomiforvaltning.
- Å utarbeide rekneskapsrapportar og framlegg til budsjett til årsmøtet.

### Revisor

Revisor fører kontroll med at rekneskapen er utført i samsvar med god rekneskapsskikk. Rekneskapen skal reviderast for kvart kalenderår og bli lagt fram til godkjenning på årsmøtet.

### Rutinar:

#### Fullmakter

Styret har, ved ståande fullmakt og inntil anna blir bestemt av årsmøtet, rett til å bestilla varer eller tenester på Raudt Hordaland sine vegne i følge gjeldande budsjett. Ved innkjøp på over kr 500,- må styret fatta vedtak om dette.

Prokura blir gjevne til kasserar og denne får dermed fullmakt til å disponera Raudt Hordaland sin bankkonto.

#### Utlegg

Når styremedlemmar eller andre har hatt utlegg som skal tilbakebetalast må kvittering og Raudt sitt utleggsskjema bli levert/sendt på mail til kasserar så snart som mogleg, og seinast 2 mnd etter at innkjøpet er gjort.

#### Reiserefusjon

Refusjon av reiseutgifter krever korrekt utfylling og underskriving av skjema for reiseregning, samt kopi av billetter/kvitteringer som dokumenterer utgiftene.

#### Henvisninger

Økonomireglementet skal være i samsvar med organisasjonens vedtekter og er underordna desse.

#### Ikrafttredelse

Økonomireglementet vedtas på årsmøtet, og blir revidert ein gong i året ved behov.

#### Forslag til vedtak:

Økonomireglementet blir vedteke

## 7 – 19 Handlingsplan for Raudt Hordaland

### 2 Viktige prioriteringar i eit valår

4 Raudt Hordaland skal også i denne styreperioden delta i politiske og sosiale kampar av  
6 nasjonal og lokal karakter. Politisk skal Raudt Hordaland fronte politikken til Raudt sentralt  
og jobbe lokalt med saker som er aktuelle i fylket, og sette politiske saker på dagsorden.

8 Den viktigaste saken i perioden er arbeidet rundt fylkestingsvalet i 2019. Politisk skal  
10 Raudt Hordaland prioritera å gjennomføra ein aktiv valkamp for å synleggjere partiet sin  
politikk over heile fylket.

12 Vi har ein aukande medlemsmasse i heile fylket, men desse tala let seg førebels ikkje  
14 spegle i aktivitetsnivået. Fylkesstyret har ansvar for å aktivisera medlemmane over heile  
fylket, også der vi ikkje har lokallag. Dette arbeidet skal gjerast i samarbeid med større  
16 lokallag eller kommuneorganisasjonar som Raudt Bergen, der det er grunnlag og interesse  
for slike samarbeid. Ordninga med «fadder-lag», der allereie etablerte lokallag er  
18 hjelpsame med oppstart og aktivisering av nærliggande lag skal oppretthaldast i 2019.  
Opp mot kommunevalet har vi ein uttalt plan om å få til lister også på stader vi ikkje har  
20 lokallag. Fylkesstyret i samarbeid med regionsekretæren har det overordna ansvaret for å  
identifisera, ta kontakt med og eventuelt støtta opp om lokale ressurspersonar og  
medlemmar som er viljuge til å stille på liste for Raudt.

### 24 Samansetjing av styret, styrets funksjon

24 I Hordaland er dei fysiske avstandane store, og ein har sett nytta av å fordela geografisk  
26 ansvar for lagsoppfølging til fylkesstyrets medlemmar. Denne praksisen vil fylkesstyret føre  
vidare i 2019, samt etablere ein styresamansetjing som speglar (regionalt) mangfald.  
Fylkesstyret skal også på fyrste ordinære fylkesstyremøte fordele politiske og  
28 organisatoriske ansvarsområder til styremedlemmene. Hensikta med dette er å  
konkretisere fylkesstyret sin funksjon.

32 Det årsmøtevalde samordningsstyret for listesamarbeidet mellom Raudt Hordaland og  
Raudt Sogn og Fjordane skal sikre samarbeidet i regionen «Raudt Vestland», då  
fylkessamanslåing i Raudt er sett på vent i påvente av mogleg vedtektsendring på  
34 landsmøtet i mai. Fylkesstyret i Hordaland har ansvar for å følge opp samarbeidavtalen frå  
vår side. Samordningsstyret er einige i at ei eventuell samanslåing av fylkeslaga må skje  
36 først etter valet 2019.

38 Fylkesstyret ved organisatorisk nestleiar har arbeidsgjevaransvar for tilsette i fylkeslaget.  
Som arbeidarane sitt parti er det viktig å halde fokus på vår rolle som arbeidsgjevar, og

40 videreutvikle denne rolla med støtte frå sentralt.

42 Fylkesstyret har det organisatoriske ansvar for å koordinere aktivitar, og halde  
kontinuerleg kontakt med gruppeleiaren samt resten av fylkesstyregruppa i Fylkestinget.  
44 Fylkesstyret er også talerøyr for forslag frå lokallaga. I tillegg skal styret halde løpande  
kontakt med landsstyreprerentanten og støtte opp om denne.

### **Konkrete tiltak frem til fylkesårsmøtet 2020**

48

#### **Fylkesvalkampen**

- 50 • Fylkesstyret konkretiserer valkampbudsjettet, set ned og gjev mandat til eit  
valkamputval så snart som råd etter fylkesårsmøtet.
- 52 • AU har i oppgåve å følgje valkamputvalet og valkampbudsjettet.
- Tilsetje og følge opp valkamsekretærar
- 54 • Bidra inn i samordningsstyret for listesamarbeidet med Raudt Sogn og Fjordane

56

#### **Organisasjon**

- 58 • Organisatorisk nestleiar har ansvar organisasjonsbygging. Saman med  
regionsekretær har organisatorisk nestleiar ansvar for samarbeid med eksisterande  
60 lag og regionsrepresentantar for å videreutvikle partiorganisasjonen og arrangere  
evt. kurs.
- 62 • Dele fylket inn i regionar som har ansvar for å arrangere møte og samlingar for  
medlemmar og kursseminar for lokallagsstyra. Ansvar for oppfølging av regionane  
skal vere tydeleg fordelt blant fylkesstyremedlemmane.

64

#### **Politisk arbeid**

- 66 • Ta ei aktiv rolle i førebuing av saker som skal opp i fylkestinget, bistå  
representantane våre
- 68 • Ta initiativ til oppretting av utval som kan støtta opp under fylkestingsarbeidet.

70

#### Forslag til vedtak:

72 Handlingsplanen blir vedteke

## 9 – 19 Fråsegner

Ei fråsegn er ein tekst om eit politisk, ofte dagsaktuelt tema. Teksten blir lagt fram for årsmøtet, som så diskuterar saka, og anten vedtek eller avviser fråsegna. Det er òg mogleg å kome med framlegg om at ein ikkje vil realitetsbehandle fråsegna dersom det er noko ein meiner Raudt Hordaland ikkje skal uttala seg om.

Fråsegner kan være ny politikk, det kan vere svar på eit dagsaktuelt politisk tema, det kan vere en presisering av gjeldande politikk, eller vere ein måte å aktualisere allereie vedteke politikk.

Fråsegner brukast ofte for å få merksemd om ei sak, og de kan og vere interne og feks bli sendt til sentralstyret i partiet.

Fylkesstyret valde å setje ein frist for innsending av framlegg til fråsegner slik at alle skulle ha mogleik til å lese og sette seg inn i saka på førehand. Framlegg til endringar må sendast inn innan kl 12.00 den 24. mars.

Vedlagt finn de dei fråsegnene som kom inn innan fristen.

- a) Ei fylkeskommune for framtida
- b) Ja til demokratisk kontroll over Bergensbanen og Vossebanen
- c) Industriaksjonen

### **Ei fylkeskommune for framtida**

6Stadig jag etter profitt og auka forbruk er eit miljøproblem. Som einaste parti har Raudt sidan starten adressert kapitalismen som eit miljøproblem. Påstanden har ofte blitt møtt med 8ignoranse og latterleggjering, og forsøk på å heller vise «den grøne kapitalismen». Men når FN sitt klimapanel i fjor sjølve gjekk ut og sa at nettopp kapitalismen sitt profittjag er 10uforeneleg med å stogge dei farlege, menneskeskapte klimanedringane, då kan ein ikkje lengre lukke augo.

12Som eit raudt og grønt parti skal Raudt fortsette å fremje ein rettferdig, solidarisk og berekraftig retning for den nye fylkeskommunen Vestland. Ein viktig start er å innføre 14miljøtiltak i alle fylkeskommunale bygg og -bedrifter. Dette vil innebære tiltak som minimerer klimaavtrykk og set miljø framfor profitt. Raudt vil jobbe for at det blir innført minst ein kjøttfri 16dag i veka i alle kantiner i fylkets regi og påbod om resirkulering i alle fylkeskommunale bygg. Dette siste skal innebære sortering av både papir, plast og matavfall, og dei kommunane der 18det ikkje er bygd ut tiltrekkelige avfallshandtering, skal fylkeskommunen vere pådrivar for at dette kjem på plass. Det skal også utarbeidast ein plan for å redusere plastbruk og matsvinn 20i fylkeskommunens regi kraftig, og denne planen skal settjast ut i livet ila den enste fireårsperioden.

22Det nye fylkesbygget, som skal byggast frå grunn av, må vere eit pionerbygg for miljø. Dette skal innebære at det vert bygga energieffektivt, som m.a. må innebære solceller som 24energikjelde, og med overnemnde krav frå dag ein i drift.

Den generelle fylkeskommunale drifta skal setje miljøomsyn framfor profitt, og arbeide etter 26miljøetiske prinsipp ved innkjøp, utbygging og drift.

Fråsegn til fylkesstyremøtet 24. mars 2019

2 Framleggstillar: Fylkestingsgruppa i Raudt Hordaland v/ Terje Kollbotn (gruppeleiar)

4

### **Ja til demokratisk kontroll over Bergensbanen og Vossebanen**

6 Fylkesårsmøtet i Raudt Hordaland er sterkt uro over utviklinga innan norsk jernbanepolitikk generelt og Bergensbanen og Vossebanen spesielt.

8 Stortinget skal i 2019 ta stilling til EU si jernbanepakke IV, som inneheld krav om liberalisering / konkurranseutsetjing av all persontrafikk på skinner. Om Stortinget ikkje  
10 reserverer seg mot dette EU-direktivet, vil anbod bli obligatorisk innan denne sektoren i Norge. I denne konkurransen, der store internasjonale selskap fritt kan delta, vil både løns-  
12 og arbeidsvilkår, pensjonsordningar for dei tilsette, gode rabattordningar for reisande og rutetider og –tilbod kome under press.

14 I fjor haust tildelte Jernbanedirektoratet drifta av Sørlandsbanen til det engelske selskapet Go-Ahead, som hadde det dårlegaste tilbodet på kvalitet.

16 No står Bergensbanen og Vossabanen i fare for å få forringa togtilbodet. Jernbanedirektoratet har med full støtte frå Solberg-regjeringa sendt ut ein tilbudsforespørsel  
18 for trafikkkpakke 3 Vest, dvs. strekningane Oslo S-Bergen, Bergen-Voss-Myrdal og Bergen-Arna. Mellom dei som alt har vist interesse, er det kinesiske MTR, det franske Keolis og det  
20 engelske Go-Ahead. Om ikkje denne konkurransen blir avlyst, vil tildelinga av kontrakt på minimum 9 år skje i løpet av 2019, med oppstart i løpet av 2020.

22 Etter Raudt Hordaland sitt syn må norske styresmakter sjøl avgjere om offentleg eigde jernbanestrekningar skal ut på anbod eller ikkje. Å låse ein bestemt jernbanepolitikk gjennom  
24 EU si jernbanepakke IV for all framtid, vil vere i strid med grunnleggjande demokratiske prinsipp.

26 Raudt Hordaland ynskjer å forsvare og styrke Bergensbanen og Vossebanen. Her manglar det ikkje på konkurranse, men midlar til oppgradering og forbetring. Om vi verkeleg ynskjer  
28 eit grønt skifte, er vi avhengig av å få både privatbilisme og godstrafikk over på skinner. Ressursane i norsk jernbanepolitikk bør i fyrste rekkje prioriterast til formål som sikrar auka  
30 kapasitet og betre infrastruktur – ikkje internasjonale anbodskonkurransar.

Den 5.mars inviterte Raudt Hordaland fylkesting til å vedta ei fråsegn med klår oppmoding til  
32 regjeringa og stortinget om å reservere seg mot jernbanepakke IV og sikre fortsatt demokratisk kontroll over Bergensbanen og Vossebanen. Fylkesårsmøtet er glad for at partia  
34 AP, SV og SP gav sin fulle støtte til Raudt sitt framlegg. Men eit knepent fleirtal i Hordaland fylkesting (regjeringspartia H, FrP, V og KrF samt MDG) røysta imot. Dette bør innbyggjarane  
36 i Hordaland og det nye Vestland merke seg før fylkestingsvalet til hausten og stortingsvalet i 2021. Bergensbanen vart opna i 1909, og er snart 110 år. Regjeringa sin nyliberale  
38 jernbanepolitikk er eit trugsmål mot både Bergensbanen og Vossebanen. Det trengs no ei kraftig fagleg-politisk mobilisering for å utfordre regjeringa og EU si jernbanepakke IV.

40

Forslagstillar:

## **10 – 19 Val av styre og samordningsstyre**

Valgkomiteen har bestått av Solbjørg Marjala, Nils Bjarte Sæle og Bjarne Lavik.

## **11-19 Val av ny valkomite**

## **12-19 Val av revisor**

Alle innstillingane blir ettersendt